



Ørskog kyrkje 150 år – med særleg blick på dei siste 25 åra.

Begynnelsen:

Kyrkja vart vigsla 6. november 1873. Arkitekt var Jacob Wilhelm Nordan og byggmester var Carl Berg frå Levanger.

Innvendig måling

I ein rask oversikt over kva som skjedde dei første hundre åra, kan vi nemne at kyrkja første gong blei måla innvendig til 50 årsjubileet.

Sokneprest Rude - støtta av kunstnaren Enevold Thømt, tok initiativ til eit stort restaureringsarbeid der kyrkja mellom anna skulle få eit liturgisk preg. Kyrkja blei måla med mørke, tunge fargar, der det grønne taket skulle spegle av den evige vona, det raudbrune golvet skulle minne om soninga, dei fiolette veggane gav attersyn over livsalvoret og dei blå fargefelte i veggane skulle vitne om at Gud er trufast

Ikkje alle som var like begeistra for dette arbeidet:


ordførar Gjære: Skulle det koste så mykje å skjemme ut kyrkja vår.

Denne målinga har på sett og vis fulgt kyrkja i alle dei år etterpå. Det skal vi kome tilbake til.

Vindauga.

Det var ikkje glasmåleri i kyrkja til å begynne med. Det var berre vanlege kyrkjeglas i koret som elles i kyrkja. Dette gav sikkert mykje generande sollys til tider, så det kom opp lette gardin på vindauga i koret kan vi sjå på gamle bilete.

Etter 2.verdenskrig blei glasmåleria gitt som gåve til kyrkja av Agathe og Lars Vaksvik i 1952. Kanskje det var ei gåve til 75 årsdagen året etter? Dette var ei minne gåve etter borna deira – Paul og Aslaug - som omkom under krigen. Arbeidet er signert Jørgen Skaare og utført hos O.Ellingsen & søn



Det står feil i boka Sunnmørskyrkjene. Under eit bilde står det at dei fargesterke glasmåleria var av Enevold Thømt frå 1920-talet. Dette er dessverre ein feil i denne fine boka. Enevold Thømt laga kanskje skisser til glasmåleri som ikkje blei brukt. Vi har funne nokre skisser i kyrkja som det står Enevald Thømt på.

Her kan dokke sjå eit eksemplar.

Vis eks på skisse til glasmåleri

Orgel:

Av andre ting ein kan nemne frå dei første åra, er at det ikkje var orgel i kyrkja til å begynne med. Det var lensmann Heltberg som tok opp spørsmålet i heradsstyret i 1891. Ei nemnd blei nedsett og alt året etter stod orgelet montert på galleriet. Dette var det første kyrkjeorgelet i Austre Sunnmøre. Det var laga av ein som hette Filtvedt og det kosta 4000,-. Det var ikkje stort og hadde berre 10 stemmer. Etter kvart blei det klart at det var for veikt i eit så stort rom. Utover på 30 -talet blei det spørsmål om nytt orgel og så blei det vedtatt å kjøpe inn eit Vestre-orgel. Det blei vedtatt i desember 1940, men på grunn av krigen blei arbeidet utsett og orgelet kunne ikkje leverast før i 1947. Det synt seg at det ikkje var bygd med høgste kvalitet på alle område, og særleg dei elektriske komponentane ville ikkje alltid det same som organisten. Det blei foretatt reparasjonar og utbetringar, men etterkvart innsåg ein at det ikkje kunne nytte å halde det gåande lenger. Orgelet i kyrkja var ikkje godt.

Det var behov for nytt orgel og i 1981 blei det oppretta ein orgelkomite med Marit Orset Nilsen som leiar.

Iherdig innsats gjorde at nytt orgel blei installert og vigsla i 1985. (Orgelkomiteen la fram tilråding om at Starup og Søn blei valt til å bygge nytt orgel. Dei hadde gitt eit tilbod på orgel i konkurranse med Eystein Gangfløt orgelbyggeri og Marcussen og Son. Orgelet blei kjøpt for

970000,- Det har 21 stemmer. Firmaet som leverte orgelet, gjekk konkurs ganske snart etter levering, så alt var ikkje heilt på plass. Men etter nokre rundar er det blitt retta på ting som ikkje var på plass og pedalkalviateet som stod skeivt i høve til manualane, er justert. Eit kyrkjeorgel er eit stort og komplisert instrument og vil alltid treng vedlikehald. Det står for døra no ein større runde med rensing av orgelet.

Glimt frå kyrkja var 100 – 125 år: (1973 – 1998)

Inngang for funksjonshemma:

I nyare tid blei det meir og meir vanleg å tenke universelle løysingar i offentlege bygge. I 1980 blei det t.d. laga tilkomst for funksjonshemma frå sydsida av kyrkja. Der vart det laga ein treplatting.

Dette var ikkje godt nok i seinare tid. I 2006 hadde Soknerådet kontakt med rådet for menneske med funksjonshemming, og dei har kome med gode råd og tilbakemeldingar. Løysinga i kyrkja blei å lage ny inngang til hovuddøra. Der var det lite nivåforskjell i terrenget, og det kunne lett lagast til ein universell inngang slik det er blitt no.

Utvendig måling

Måling av kyrkja er eit stadig vedlikehaldsbehov. I 1983 fekk to karar frå Stordal tilslaget om å måle kyrkja utvendig.

Så blei kyrkja måla utvendig igjen tidleg på 1990-talet. Då vart det også ein gjennomført eit viktig vedlikehaldsarbeid på tårnet. Det blei rigga til stillas rundt heile tårnkassa. Arbeidet hadde ei kostnadsberekning på kr. 89700, men det blei eit mykje større arbeid som medførte budsjettsprekk. Soknerådet fekk kritikk av formannskapet for at arbeidet blei gjennomført utan nødvendig budsjettering på plass. Men etter soknerådet si vurdering var det mykje dyrare å ta stillaset ned for så og sette det opp att for å slutføre prosessen. Så soknerådet takla godt den kritikken.

Isolering av himling og ringeanlegg for kyrkjeklokkene mm

På slutten av 1980 talet blei det gjort eit stort arbeid med isolering av himlinga i kyrkja, og det blei installert automatisk ringing for kyrkjeklokkene.

I disse åra blei det også arbeidd med få automatisk brannvarslingsanlegg i kyrkja og nytt **høgtalaranlegg**. Det har vore stort fokus på at det skulle gå an å høyre godt i kyrkja. Periodevis har ikkje dette vore tilfredsstillande. I 1995 slo ein rapport frå Teletrygg as fast at det var svært dårlege lyttarforhold. Vi fekk inn to anbod på nytt høgtalaranlegg. Walter Olsen sitt tilbod blei valt. Det har fungert bra til no dei seinare år.

Utbetringar til 125 -årsjubileet

I 1995 blei det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle få oversikt over behov for utbetringar fram til 125 årsjubileet.

Ein tilstandsrapport for kyrkjebygget blei utarbeidd. Det var tydeleg at golvet var ei utfordring. Det var store og stygge sprekker mellom borda, og det var trekk og dårleg isolert i golvet. Det store arbeidet som blei utført med drenering rundt kyrkja, utgraving av masse i byggegropa, isolering under golvet og legging av nytt golv, var ein eventyrleg periode. Kyrkja hadde også fått ei gåve på 100000,- som skulle gå til nytt golv. Arbeidet blei mykje gjort på dugnad, og det var mange som var med. Kanskje dokke som er her i dag var med på dette?

I denne perioden – det var 1.april 1997 – slo lynet ned i kyrkja og slo ut alt det elektriske. Det blei branntillop som heldigvis blei oppdaga fordi det var arbeidsfolk i kyrkja. Som eit hell i uhellet fekk vi med dette skifta ut alle gamle ledingar og lagt opp nytt elektrisk opplegg. Og ganske snart etterpå kom også lynvernanlegg på plass.

Andre utviklingstrekk og aktuelle saker:

Dette var nokre hovudpunkt i kyrkja i tida fram til 125 årsjubileet. I tillegg til desse praktiske tinga skjedde det også mykje med utviklinga av soknerådet sitt arbeid. Det var viktig med samarbeidet med kommunen, for det var ennå kommunen som var juridisk organ for kyrkja og som var kyrkjekassa fram til 01.01.1997. Då kom den nye kyrkjelova som gav mynde til kyrkja sjølv, og kyrkja og kyrkjegarden blei overført til kyrkja i grunnboka. Alle kyrkjelege eigedomar skulle det ryddast opp i då og dei skulle tinglysast på kyrkja. Ørskogkyrkje hadde ein fjellgard Fjelde i sitt eige-'. Den stod oppført på Ørskog kyrkje ved Ørskog kommune i

grunnboka. Dette er ei sak som ennå ikkje er avslutta. Nå står eigedomen på Ørskog kyrkje ved Ålesund kommune.

Soknerådet var også aktivt med i kommuneplanlegginga ved at dei fekk mange planar til uttale, f.eks reguleringsplan for Sjøholt syd som innebar utviding av kyrkjegarden. Soknerådet hadde innspel på dette område i mange rundar og var veldig klar på at utvidinga måtte gå austover og ikkje sørover utover prestegardsmarka. Det var viktig å behalde dette unike området med ope landskap ned til sjøen. Reguleringsplan for Bygdeparken var oppe

Prestegarden og paktarbustaden var oppe som tema ved fleire høve.

Til 125 årsjubileet fekk vi også laga ein fin murkant på kyrkjeplatået, det blei sett opp vasspostar på kyrkjegarden og det blei laga til blomsterbed ved kyrkja.

Dei siste 25 år:

No skal vi sjå nærare på kva som har skjedd dei siste 25 åra.

I fleire år rundt 2000-årsskiftet var det open kyrkje i Ørskog, såkalla **vegkyrkje** om sommaren. Då var det fast opningstid med frivillig vertskap og kaffi og bakverk for turistar som kom. Av og til hadde vi også ein kort sommarkonsert eller anna program

Av anna viktig arbeid for kyrkja var **trusopplæringsreformen**. Ørskog, Skodje og Stordal fekk tilskot til forsøksprosjektet Det nyttar! Det var svært gledelig. Trusopplæringsreformen var ei ny satsing på opplæring i kristentraua etter at kristendomsfaget blei tatt ut av skulen. Alle døypte frå 0 – 18 år har rett på trusopplæring i kyrkja. Det er gjennom dette programmet vi har dei ulike tiltaka som skjer i kyrkja vår no – som babysong, tårnagenter og Lys Vaken og liknande.

Kyrkjelydshus

Ei svært viktig sak som stadig kom opp var behovet for eige kyrkjelydshus og kontor for tilsette. Det blei nedsett ein komite i 2002 som skulle arbeidet for å få eige kyrkjelydshus. Henry Haddal var leiar for komiteen. Om ein skulle eige eller leige måtte komiteen arbeide med. I 2004 blei det laga ein infobrosjyre om behovet og folk blei oppmoda om å gje gåve til prosjektet. Samstundes blei ledige hus i sentrum sjekka ut

og i 2005 var Ørskog Bruk lagt ut for sal. Det var eit hus som passa akkurat perfekt for kyrkjelyden, så soknerådet baud på huset og fekk tilslaget. Plutseleg – frå 12. desember 2005 hadde kyrkjelyden eige kyrkjelydshus.

Kyrkjegarden:

Ei anna stor sak i begynnelsen av 2000-talet var utviding av kyrkjegarden. Kommunestyret vedtok utviding av kyrkjegarden austover. Det var eit viktig vedtak og planleggingsarbeidet kunne begynne. Det som var det aller viktigaste å få på plass først var driftsbygningen på kyrkjegarden. Den hadde lenge vore under planlegging. I 2001 sette kommunen av kr. 400000,- til driftsbygning. Arkitekt Torstein Lervik teikna driftsbygningen. Det blei laga eige anbod på driftsbygningen, med høve til dugnadsarbeid på deler av anlegget. I 2003 vart eit imponerende arbeid gjort av dugnadsgjengen, over 1000 timar. Finn Gillebo var byggeleiar og leie ein flokk framifrå flinke dugnadsfolk.



Arbeidet med planar for kyrkjegardsutvidinga gjekk til - Landskapsarkitekt Roger Tokle, Molde. Det gjekk nokre år før alt var ferdig med godkjente planar og finansiering. Men i 2009 fekk Jan Erik Sandal as oppdraget med utviding av Ørskog kyrkjegard. Dei gav ein pris på anbodet på kr, 3.719.841.

Kyrkjegarden var ferdig og blei vigsla 19. juni 2011.

I kyrkja

Kyrkja har alltid hatt eit god samarbeid med brannvesenet, og det har vore brannøvingar og branntilsyn. På tusenårsskiftet var det særleg fokus på at vasstrykket inn i kyrkja var for lite. Kommunen la ny

vassledning fram til kyrkja. Det var viktig både med tanke på brannslangen i kyrkja og med tanke på sprinkleranlegg som blei montert nokre år seinare.

Kyrkjebenkar:

I kyrkja vart nye tiltak stadig foreslått og gjennomført. Prestesakristiet blei oppattpussa i 2004 og då blei også dei to bakerste benkane flytt ut og sett inn i driftsbygningen. Dei to fremste benkane var flytta ut før for å gje betre plass til musikarar og kor og anna framme ved kortrappa.

Bak i kyrkja blei det laga til barne møbler og leikekrok.

Endå var det ikkje nok plass t.d til rullestolbrukarar og barnevogner og soknerådet foreslo å kutte ein benk på kvar side midt i kyrkja. Dette blei ikkje godkjent og soknerådet foreslo då å flytte ut heile benken på rad nr 8. Det blei godkjent under føresetnad av at benkane blei forsvarleg laga.

Det har vore til litt hodder for soknerådet kva ein skal gjere med desse benkane som no er flytt ut av kyrkja. Dei er store og plasskrevjande, og dei kan altså ikkje seljast, men må lagrast adekvat som dei seier når soknerådet spør biskopen kva dei kan gjere.

Energi

I alle år har dette med Strømforbruk og energiøkonomisering vore tema på ein eller annan måte.

Vi såg på tiltak som blei gjort tidlegare. Det var ennå ikkje godt nok. Varmeprøver hadde vist at det var lekkasje i kortrappa. Det var behov for å isolere under golvet i koret og i kortrappa. Der var det brukt gamal leire som isolasjonsmiddel. Det var ikkje godt nok i vår tid, så det måtte fjernast. Det blei innhenta tilbod på arbeidet og Per Kjell Holtleite fekk arbeidet med isoleringa i 2004.

I 2006 var det ein ny termografisk inspeksjon i kyrkja, for å førebygge skade på kyrkjebygget og inventaret. Det blei avdekka at utbetringar i varmeanlegget var nødvendig. Overflatetemperaturen ved omnane under benkane hadde 134 – 145 grader. Den skulle ikkje vere meir enn 70 grader. Konklusjonen var at omnane måtte skjermast mot brennbart materiale og brannskade ved berøring. Det ville bli ei stor investering!

Straumforbruket var stort slik som det var, så ei forbetring her ville vere eit energiøkonomiserande tiltak.

Det har vore forska på oppvarmingsmetoder i kyrkje der KA (Kirkens Arbeidsgjevarorganisasjon) riksantikvaren og kyrkjekonsulenten har vore med i eit samarbeid for forbetringar. Norsk Kirkeoppvarming as har utvikla eit komplett oppvarmingssystem som gir både god brukarkomfort og vernar kyrkjeinventaret.

Dei fleste kyrkjene i Noreg hadde på den tida røromnar under annakvar benk. Dette gav låg effekt og høge straumutgifter, og det førte til lengre oppvarmingstid og større belastning på interiøret.

Dette nye systemet ville gje mykje større effekt, t.d 70% meir enn det gamle systemet.

Nytt anlegg ville koste kr 378125,- inkl mva.

Det var ikkje sett av midlar til det, men i økonomiplanen var det sett av 100000 til kyrkja kvart år framover i perioden. Ved å samle desse til eit større beløp på kr 500000 i 2007, kunne ein planlegge nytt varmesystem. Dette gjekk kommunen med på og vi fekk det til. Kommunen fekk igjen momsen og dei kunne også søke om rentekompensasjon som var ei ordning laga for slike prosjekt i kyrkjene.

Glasmåleria 2016-2017

I 2016 var glasmaister Even Muldal i Morad Vest as på synfaring i Ørskog kyrkje. Han konkluderte med at glasmåleria i koret var i ein så dårleg stand at det var fare for at bitar kunne ramle ut.

Det er tre store glasmåleri og kvart vindu ville koste i overkant av kr 100000,-

Det var snakk om å reparere del for del og ta dei delane som var dårlegast, først.

Storfjorden kyrkjelege fellesråd gjorde då vedtak om at arbeidet måtte utførast samla. Tilstandsrapporten og søknad om auka løyving i 2017 blei lagt fram for Ørskog kommunestyret.

Det må ha gått bra for alle glasmaleria blei tatt ned og restaurert

Våpenhuset

Våpenhuset er jo også eit rom som skal ha vedlikehald.

I 2001 var soknerådet i gang med oppussing av våpenhuset. Der ville ein ha nye møbler for oppheng av klede og oppslag og diverse.

Interiørarkitekt Aud Langlo Kongsnes laga teikningar som blei sendt inn til godkjenning. Det var også snakk om å male veggane og taket i våpenhuset. Her ville ein måle tak og veggjar i opphavlege fargar. Det blei støtta og biskopen peika i sitt svar på at det var eit arbeid som allereie var på gang i Ørskog kyrkje. Arbeidet med møblane var det Arnt Hansen som utførte.

Også prestesakristiet blei oppattpusa med opplegg for vaskeservant og plass til kaffitrakter. Det har også vore prøvemalt med ulike fargar som ein tenkte å ha i kyrkja.

I dåpssakristiet er det nå dei siste åra blitt fornya og oppattpusa. Det er sett inn ny hylle som Sigurd Hatlen har laga. Målingsarbeid og oppjustering i rommet er gjort på dugnad av soknerådet (Åse Kristin, Karin og Elisabeth).

Liturgisk utstyr:

I 2012 jobba soknerådet med å få meier liturgisk utstyr i kyrkja. Det enklaste var å få skikkelege offerposar. Så blei det arbeidd med prosesjonskors. Det blei laga i 2014 av Kjell Gunnar Overøye. Det består av både prosesjonskors og to lysehaldarar

I 2018 fekk kyrkja laga nye liturgiske tekstilar – 4 stola og 4 lesepultklede og ein raud messehaket

WISE DEI FRAM!

Det er Bjørg Hustad frå Bud som er kunstnaren.

Salmeboktralle

Soknerådet var opptatt av å lage det til fint i kyrkja, og det med å få orden på alle kablar og utstyr var ganske krevjande. Soknerådet hadde

planar om eit skap til salmebøker og til å legge inn pc og kablar som er rundt klokkarstolen.

Det blei det ikkje noko av så langt, men salmeboktralle blei det, ei flott tralle på hjul, med plass til bøker på begge sider. Den står lageleg til ved inngangsdøra. Det er Asgeir Kvernberg som har laga talla.

I 2018 blei det **innkjøpt nytt høgtalar anlegg** igjen - som også har mikrofonar for songsolistar. Det blei levert av eit firma i Drammen som heiter Audiens Lyd/bilde/design. Likevel høyre vi av og til at det er nokon som har vanskar med å høyre. OM det då er soner i kyrkja, eller om det er innstilling lydanlegget eller av høyreapparatet til den enkelte, som gjer det, er eg usikker på.

Frå 2020 er det Ålesund kyrkjelege fellesråd som har ansvaret for kyrkjene og kyrkjegardane. I 2020 blei det innkjøpt **ny bårevogn** til Ørskog kyrkjegard.

Toaletta nede i kyrkjekjellaren har blitt oppattpussa og fine, men det er framleis ikkje hc-toalett i kyrkja. Det er eit hc-toalett i driftsbygningen som kan brukast til nød, Men soknerådet komme med HC-toalett som innspel til ønska investeringar i kyrkja. Det kan jo tenkast at det er nye måtar å løyse toalett på nå i dag enn for 20 år sida, da dette også var oppe til vurdering.

Desse eksemplar som er nemnt her sist, syner at også det store Ålesund kyrkjelege fellesråd har omtanke for behov i Ørskog. Men den kommunale økonomien har dessverre sett stopp for det meste no nokre år.

Men det er Ålesund kyrkjelege fellesråd som no i desse dagar tar ansvar for å måle ferdig kyrkjerommet og trappeoppgangane.

Det var Storfjorden kyrkjelege fellesråd som begynt på det store arbeidet med innvendig måling. Fellesrådet gjorde i 2016 vedtak om at Ørskog kyrkje skulle målast etter sist vedtekne fargeplan.

Men no er det på tide å gå inn i denne fortellinga. Det blir det siste og mest omfattande punktet i kveld:

Innvendig måling:

Den store saken.

Eg sa til å begynne med at målinga av kyrkja til 50 årsjubileum på ein måte har fylgt kyrkja sidan. For det var som sagt mange som syntest at kyrkja blei vel mørk og det blei eit mål å male kyrkja lys igjen til 100 årsjubileet. Det blei planlagt å føre kyrkja tilbake til dei opphavelege fargane så langt som råd. Resultatet blei ikkje akkurat slik. Det blei lyse gråtonar som ikkje hadde store kontrastar og som heller ikkje hadde den dekoren som kyrkja hadde frå starten av.

I 1991 tok soknerådet tak i dette og gjorde vedta om at målingsarbeidet som vart utført i 1972, skal no gjerast ferdig. Dette arbeidet omfattar måling av dekor på gallerifyllingane. Her skal målast med burgunder og gull. Arbeidet skal utførast av Arne Stige, og Aud Kongsnes er konsulent. Anna utsmykkingsarbeid skal også vurderast. Kostnaden skal ikkje overstige kr. 10000,- « står det i soknerådet sitt vedtak.

Aud Langlo Kongsnes laga eit gjennomtenkt og flott fargekart og forslag til vidare dekorering av Ørskog kyrkje utan at det var snakk om oppussing av kyrkja i denne runden.

Soknerådet vedtok også det skulle dekorerast med gullstråler på Kristusfiguren i tillegg til gulldekor på listene i gallerifyllingane. Dette skulle leggest fram for stiftsdireksjonen som det var den gongen og Riksantikvaren.

Med dette kom **bygningsantikvar Christ Allan Sylte** på banen. Det var tidlegare fylkeskommunen som på riksantikvaren sine vegne, hadde ansvaret for listeførte kyrkjer - som vår kyrkje er.

Bygningsantikvaren hadde ikkje same syn som soknerådet på korleis kyrkja skulle dekorerast. Han stilte mellom anna spørsmål ved kvifor det skulle vere gullstriper på krusifikset som hang i kor-bogen. Var det dei rette elementa som blei dekorert med gull, var i grunnen hans spørsmål. Han råda soknerådet til å sjå på heilheita og utarbeide eit nytt forslag til dekor og fargeplan. Kyrkja kunne absolutt ha tydelegare kontrastar særleg i koret, meinte han

Soknerådet hadde også arbeidd med å få til polstring av sete og rygg i kyrkjebenkane. I det arbeidet var det viktig å kome fram til kva fargane skulle vere i kyrkja, særleg benkane.

Også dette ville Christ Allan Sylte gjerne ha ein nærare prat om med soknerådet, og etter eit nytt møte der også puteleverandør Furnes As var med, landa soknerådet på å vente med puter. Etter Christ Allan Sylte sine innspel var det mogleg å sjå på fleire detaljar i kyrkja og få fram fleire kontrastar. Dette blei stadig meir omfattande, med prøvemålingar og justeringar og til slutt låg det føre eit omfattande forslag til innvendig fargesetting.

Soknerådet prøvemalte med desse fargane, både i dåpssakristiet og i kyrkjerommet. Mellom anna blei eit par søyler måla med kontrastfargar på skråfelta på søyla.

Dette forslaget var ikkje soknerådet fortruleg med å gå vidare med. Det hadde for mange sterke fargar og virka uroleg på mange. Det involverte alle deler av kyrkjerommet og ville bli svært kostbart.

Dette var i 1998, og fargekomiteen konkluderte med at forslag til Christ Allan Sylte ville bli for dyrt. Soknerådet måtte finne ei enklare og billigare løysing.

Ein ny farge komité utarbeidde eit enklare forslag i 1999. Det var eit forslag som tok inn meir av blåfargar og marmorering som teknikk.. Særleg koret og gallerifyllingane kunne ha meir fargesetting meinte fargekomiteen, og forlaget gjekk på dette. Dette blei ikkje godkjent av riksantikvaren. Riksantikvaren meinte då at fargesettinga ikkje tok særleg omsyn til arkitekturen og dei historiske føresetnadene.

Etter dette blei målarmeister Kjell Arne Årseth beden om å finne tilbake til dei opphawelege fargane i kyrkja. Ut frå dette arbeidet la han fram eit forslag som blei sendt til soknerådet 21.okt. 2002 med gjenpart til Riksantikvaren. Riksantikvaren svarer i brev 19.12.2002 at dei vil sterkt tilrå at kyrkjerommet blir måla slik det opphaveleg var.

Dette forslaget blei lagt fram for kyrkjelyden. Det vekte ikkje stor begeistring å måle veggane i kyrkja i den rosa fargen som blei avdekt som den opphawelege. Med det stansa arbeidet opp - til det igjen blei tatt tak i av Ørskog sokneråd i 2013. Då blei det laga eit nytt forslag som tok utgangspunkt i glasmåleria. Desse glasmåleria var ikkje i kyrkja då den vart bygd. Det blei difor opplevd som naturleg at kyrkja då hadde ei heilt anna fargesetting enn det som ville vere naturleg no.

Storfjorden kyrkjelege fellesråd fekk saka oversendt frå soknerådet, og sendte søknad om godkjenning til biskopen og riksantikvaren. Riksantikvaren svarte som før at soknerådet burde tilbakeføre til dei opphavlege fargane.

Etter at heller ikkje det siste forslaget til ny fargesetting i Ørskog kyrkje blei godkjent, har soknerådet kome til at dei må arbeide på lag med Riksantikvaren for å kome i mål med dette arbeidet. Fellesrådet kalla inn til eit felles møte der også biskopen og riksantikvaren var med. Riksantikvaren streka igjen under kor viktig det var at arkitektur og fargesetting støtta opp om kvarandre. Ørskog kyrkje er ei godt bevart kyrkja frå denne tidsepoken og burde tilbakeførast til opphavslege fargar når den skulle målast på ny.

Fargekomiteen har etter dette saman med målarmeister Kjell Arne Årseth arbeidd vidare med tanke på å tilbakeføre kyrkja. Årseth hadde frå før gjort det meste av arbeidet med å avdekke og finne fram til dei opphavlege fargane, men på desse åra som er gått sidan dette vart gjort, har det kome betre utstyr til å hjelpe seg med i arbeidet. Dette har ført til at nokre fargar er justert, og det er mellom anna funne fram til korleis mønsteret på preikestolen har vore. Saman med kunstnar Bent Erik Myrvoll har desse to fagfolka presentert korleis kyrkja var måla i den første tida. Dette er gjort med større profesjonalitet enn vi tidlegare har hatt når vi har etterspurt korleis fargane eigentleg fram stod i kyrkja. Bent Erik Myrvoll har lagt fargenyansane inn på dataprogram for å gje eit tydelegare inntrykk av korleis fargane har spelt på lag med kvarandre frå starten av. Dette var veldig viktig for soknerådet i før dei samrøysta gjekk inn for full tilbakeføre kyrkja til opphavslege fargar.

Dette er heilt i tråd med Riksantikvaren si tilråding, og seniorrådgjevar Arnt Magne Haugen skriv om soknerådet sitt vedtak:

" Endring av interiørfargene i Ørskog kyrkje har vore diskutert grundig over dei siste åra. Riksantikvaren har tidlegare tilrådd at ein vurderer opphavleg fargesetjing som eit alternativ. Når soknerådet no går inn for ei full tilbakeføring av fargene i kyrkja er dette såleis i tråd med Riksantikvarens råd. Vi er glade for den positive utviklinga, og stiller oss bak ei tilbakeføring som tek utgangspunkt i ei vel dokumentert fargeundersøking, noko som allereie er utført av målarmeister Kjell Arne Aarseth som har lang erfaring med bygningsvern og tradisjonell måling. Vi legg til grunn at arbeidet blir utført med høg kvalitet av ein målar med

tilsvarande erfaring innan antikvarisk arbeid."

Storfjorden kyrkjelege fellesråd gjorde endeleg vedtak i 2016. Det var løyvd kr 400.000 til måling.

Arbeidet var lagt ut på Doffin og det var tre tilbydarar: Gjenbrukshus Martin Nystad, Malarmeister Braute og malarmeister Martin Uggedal. Uggedal fekk tilslaget. Det blei avtalt kva deler som skulle prioriterast. Alterringen og golvet i koret vart med i denne runden, men ikkje preikestolen, døypefonten og lesepulten.

Det er akkurat Desse elementa som er med i jubileumsprosjektet vårt nå.



(bilde: Preikestolen før nymåling)

Det er nettopp dette korinteriøret og gallerifyllingane som har dekormålinga og som gjer kyrkja ekstra fin



Ørskog sokneråd ville ikkje gå med på at 150 årsjubileet skulle feirast utan at ein hundre år lang kamp for å få kyrkja tilbake til opphavlege fargar blei fullført.

Vegen har vore lang dei siste 30 åra, med mange krumspring og mange forslag, men alltid med det for auge at soknerådet ønskte å få fram kor vakker og storslått denne kyrkja er. No gleder vi oss over at soknerådet, banken, næringslivet elles og privatpersonar i bygda vil vere med å gjere

det moglege å få tilbake dekoren og fargane slik det var for 150 år sidan.

Og det er Kjell Arne Årseth som no er i gang med å utføre og avslutte dette arbeidet. Han har nå vore inne i prosessen i over 20 år. Så nå gleder vi oss over at det blir virkelighet.

Takk for oppmerksomheta

Ester Walgermo